



KOPI

Lindås kommune v/eigedomsavdelinga  
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/476 - 19/10686

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
01.04.2019

## Ferdigattest - gbnr 188/800 Gjervik ytre

### Administrativt vedtak. Saknr: 190/19

**Tiltakshavar:** Lindås Kommune v/eigedomsavdelinga  
**Ansvarleg søkjar:** Og arkitekter as  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 27.09.2017. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 07.03.2019 og supplert 29.03.2019.

### Skildring

Adresse:	Lonsvegen 80
Bygningstiltak:	Skule og fleirbrukshall
Bygningsnummer:	300653604
Bruksareal:	11 088 m <sup>2</sup>
Avlaup:	Offentleg
Vatn:	Offentleg
Tal på røykløp:	0

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for Knarvik barneskule med tilhøyrande fleirbrukshall på gbnr 188/800//. Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.



**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/476

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Lindås kommune  
v/eigedomsavelinga

Felles postmottak 5914  
Kvernhusmyrane  
20

ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Og arkitekter as  
Og Arkitekter AS

Kanalveien 11 5068  
Kanalveien 11 5068

BERGEN  
BERGEN